



HAUGIANSK FRUKT

I EI NY TID

Rosenianske innslag i haugiansk grunnsyn

Det rosenianske kan først attende til Carl Olof Rosenius (1816 – 1868) i Sverige. Rosenius var i sanning ein Guds mann, ein stor evangelieforkynnar, som fekk hjelpa mange menneske til frelse og frigjering. Forkynninga hans har vorte karakterisert såleis:

«Kom som du er, ropa Rosenius, du orkar ikkje å vaska av deg ein einaste syndeflekk, om du strevar alle dine dagar. Men Kristus har sona all di synd, og Gud er forsona i Kristus. Alle som trur på Kristi forsoningsverk, er rettferdige for Gud. Den einaste synda som kan døma oss, er vantrua. Tru difor, tru på Kristus. Om du har mange eller få synder, om du meiner at du angrar mykje eller lite, om du er hard eller mjuk, om du er kald eller varm, det vere det same. Kristus har oppfylt lova til punkt og prikk. Lova kan ikkje skapa liv, men slå i hel, og det er dette ho skal gjera. Kristus skaper liv i den ihelslegne lovtrælen. Først når du er komen til Kristus, kan du gjera gode gjerningar, for der får du eit nytt sinn som elsker Guds lov, og som vil Guds vilje.» 5)

Når ein tenkjer på korleis dei rosenianske tonane kom inn i «Fællesforeningen» – og feste seg i det haugianske grunnsynet, er det naturleg å nemna to personar. Den fyrste er



Tormod Myklebust
(1840 – 1898)

Året 1879 førte nye menn fram i leiinga. Samson Stueland og Nils Tvedt hadde bede om ikkje å verta attvalde. Sekretæren og kasseraren, lærar Erik Stueland, døydde i 1878, og difor laut styret finna tre nye menn. Tormod Myklebust, Jørgen Thunold og Endre Haugen vart valde, og det nye styret sette Tormod Myklebust på formannsplassen og Jørgen

Thunold til sekretær og kasserar.

«En velsignet tid var nu oprunden for fællesforeningens arbeide,» fortel 50-årsskriftet. «Tormod Myklebust, der var sterkt grepen av

Kristi kjærlighet, tok nu fat paa indremissionsarbeidet med liv og lyst. Han virket baade som formand og emissær.»

På årsmøtet på Fitjar 1883 innleidde pastor Thormodsæter til samtale om emnet: «Hvad kan Mennesket gjøre for at blive retfærdiggjort ved Troen?» I eit innlegg sa Tormod Myklebust:

«Det er ikke godt at lægge for megen Vægt paa denne Side af sagen, nemlig om Synderens egen Gjerning for at blive retfærdiggjort. «Kristus har frikjøpt os fra Lovens Forbannelse», jeg er fri. Tager vi enfoldig mod dette budskab, da faar vi det uden stor Kundskap. Da den syge Kvinde kom til Jesus, stansede Blodfloden. Det er Naadens Værk først og sidst. «Ordet er dig nær». Guds ord virker naar det kommer os nær. Det har en saliggjørende Makt. Naar vi ser at vort Arbeide intet hjælper, og vi saa gaar til Jesus, som er Veien, Sandheden og Livet, da skal han frigjøre os, og vi skal blive virkelig fri.»

På årsmøtet i Førde 1887 var eitt av emna: «Om frigjørelsen i Kristo.» T. Myklebust sa mellom anna i innlegget sitt:

«Saalenge man ligger under Loven, opvækker den Synden og det blir kun værre. Først maa Retfærdiggjørelsen foregaa med mennesket, saa Helliggjørelsen. Naar man er frigjort, blir man glad over den overvætted naade. Man er da ikke længer Kjøddest Skyldner, at man skal leve derefter. Lad os ikke stole paa, at vi engang er frigjorte, men blive stadig i den Frihed, hvortil Kristus kjøbte os, og leve i ham, ham til Ære og Pris, som kjøbte os paa Golgatas Kors, vor Sjæl til Frelse og Salighed. Ved Frigjørelsen faar man Villie til å leve for Herren, om dette end maatte gaa igjennom Trængsler, ja og villige til at dø med ham og prise vor Frelsers store Naade over alle Ting.»

På årsmøtet i 1898 sa ordstyraren, J. Traasdahl:

«Jeg føler Trang til at fæste Forsamlingens Opmærksomhed ved, hvad vi har mistet i vor kjære afdøde Formand, Tormod Myklebust. Han var en trofast, varmhjertet og frimodig Kristen med klart Syn og stor Indsigt i Evangeliets Hemmeligheder tilige med en klar Fremstillingsevne af de guddommelige Sandheder. Disse Naadegaver var dog ofte skulte for ham selv, men naar han optraadte, saa følte vi, at Herrens Aand var over ham, og at det var til Velsignelse.» 6)